



Arkivnr: 2017/2247-6

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Delegert saksframlegg

Fylkesrådmannen etter fullmakt

Refinansiering av obligasjonslån 425 mill. kr

Samandrag

Eit obligasjonslån på 425 mill. kr har forfall den 2. oktober 2017. Ein har henta inn tilbod på nytt lån. Fylkesrådmannen går inn for å refinansiere med eit 5-årig obligasjonslån med fast rente, tilrettelagt av Danske Bank Markets.

Vedtak

I medhald av Reglement for finansforvaltninga i Hordaland fylkeskommune gjer fylkesrådmannen slikt vedtak:

Lån på 425 mill. kr vert refinansiert med eit 5-årig obligasjonslån, tilrettelagt av Danske Bank Markets. Renta er fast i 5 år 1,82 %.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.


Fylkesrådmannen, 26.09.2017

Eit obligasjonslån på 425 mill. kr har forfall den 2. oktober 2017. Lånet vart teke opp 01.10.2013. Ein har hatt ein rentebytteavtale knytta til dette lånet, slik at ein har betalt ei fast rente på 2,885 %.

I følgje finansreglementet skal ein ha fast rente på mellom 40 % og 60 % av låneporteføljen. Pr. dags dato er fastrenteandelen nede i 44,7 %.

Det er forventning om at rentenivået vil trekkje oppover dei komande åra. Men det er usikkert kor raskt dette vil skje og kor stor auken vil bli. Ut frå dette kan det vere ønskjeleg at fastrenteandelen vert auka noko, slik at ein kjem over 50 %. Fylkesrådmannen går inn for å refinansiere lånet som har forfall med eit fastrentelån.

Det neste spørsmålet er kor lang rentebinding ein skal velje. Lengre bindingstid gjev høgare rente. Grafen under illustrerer kva rentenivå ein kan vente å få ved alternative rentebindingsperiodar.



Føremålet med å binde renta på ein del av låneporteføljen er at ein ikkje skal få altfor store budsjettavvik i årsbudsjettet og økonomiplanen. Ut frå dette kan det vere naturleg å binde renta i 3-5 år. Ved å binde renta i 5 år, har ein dekkja heile perioden som ein no er i gang å utarbeide økonomiplan for.

Om ein ønskjer å binde renta for ein lengre periode, t.d. 10 år, må det vere fordi ein trur at rentenivået vil stige ein god del dei komande åra, og at ein difor totalt for perioden vil kome godt ut med det nivået ein i dag kan få på 10 års rentebinding.

Fylkesrådmannen går inn for 5 års rentebinding for lånet som no skal refinansierast. Men ein kan ikkje utelukke at det på dagens rentenivå kan vise seg å vere gunstig også med lengre rentebinding. Ein vil vurdere dette på nytt når nye lån skal takast opp.

Bergen Capital Management har gjennomført anbudsrunde, og ein har fått inn desse tilboda:

Danske Bank Markets	1,820 %
DNB Markets / SEB	1,840 %
Kommunalbanken	1,857 %
Swedbank	1,870 %
Sparebank 1 Markets	1,870 %
Nordea Markets	1,880 %
KLP Kommunekreditt	2,100 %

Fylkesrådmannen aksepterer tilbodet frå Danske Bank Markets til 1,82 % rente.